

## Tabell C-fk

### Saker med særskild fordeling for fylkeskommunane 2023

Følgjande saker ligg i tabell C i 2023\*):

Kol.	Sak	Beløp i 1 000 kr
1	Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	1 679 766
2	Kompensasjon forskrift om tunnelsikkerheit	579 435
3	Ras- og skredsikring fylkesveg	902 988
4	Ferjeavløysing	147 976
5	Tilskot til ikkje-statlege lufthamner	50 240
6	Fiskerihamner	37 390
7	Null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar	106 293
8	Distrikts- og regionalpolitiske tilskot	109 276
9	Forvaltning av tilskot på landbruksområdet	8 733
10	Tilskotsordninga Jobbsjansen del B	103 704
11	Tilskot til barnevern, Oslo	763 038
12	Kompensasjon for endringar i inntektssystemet	335 000
13	Gratis ferjer til samfunn utan vegforbindelse til fastlandet og trafikksvake samband	174 300
14	Trekk for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter	-800 000
<b>15</b>	<b>Sum</b>	<b>4 198 138</b>

\*) Anslått pris- og kostnadsvekst i 2023 er 3,7 prosent.

#### Kolonne 1 – Styrking av rammetilskotet som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet

I saldert budsjett 2014 blei rammetilskotet til fylkeskommunane styrkt med 780 mill. kroner, som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet. Ordninga blei ført vidare og trappa opp med 200 mill. kroner i 2015, 160 mill. kroner i 2016, 100 mill. kroner i 2017 og 100 mill. kroner i 2019. 2023-beløpet er justert med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2022. Midlane er som tidlegare fordelte mellom fylkeskommunane på grunnlag av ei kartlegging av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegar gjennomført av Statens vegvesen.

#### Kolonne 2 – Kompensasjon for meirutgifter knytt til iverksetjing av tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesvegar

Fylkeskommunane har sidan 2015 blitt kompenserte for meirutgifter ved forskrift om minimum tryggleikskrav til visse vegtunnelar for fylkesveg og kommunal veg i Oslo (tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesveg mv.). Midlane har blitt fordelte mellom fylkeskommunane på grunnlag av berekningar av behovet for kompensasjon, gjennomført av Statens vegvesen. Nye berekningar utført av Statens vegvesen i 2019 viste at kostnadene var undervurderte.

I Nasjonal transportplan 2022–2033 legg regjeringa opp til at fylkeskommunane skal bli kompenserte for meirkostnadane i løpet av planperioden, slik at tunnelane på fylkesvegnettet blir utbetra i samsvar med forskrifta. Midlane har same fylkesvise fordelinga som i 2022.

2023-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2023.

### **Kolonne 3 – Ras- og skredsikring**

Tilskot til skredsikring av fylkesveg blei innlemma i rammetilskotet frå og med 2020. Statens vegvesen har laga eit tilskotprogram for skredsikring på fylkesvegnettet for perioden 2018–2023, basert på dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2018–2029. Midlane til skredsikring i 2020 blei fordelte mellom fylkeskommunane med utgangspunkt i den årlege gjennomsnittlege ramma i tilskotprogrammet.

2023-beløpet er inkludert tilleggsøyve i saldert budsjett for 2022 og er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2023.

### **Kolonne 4 – Ferjeavløysing**

Ferjeavløysingsmidlane er enten tilskot som er overførte frå staten i samband med forvaltningsreforma i 2010, eller fylkeskommunale ferjeavløysingsprosjekt. Tilskotet til dei statlege prosjekta er likt det beløpet ei ferjeavløysingsordning for riksvegferjer ville ha gjeve i 2016. Tala kjem frå Samferdselsdepartementet/Vegdirektoratet. 2023-beløpet for ferjeavløysingsprosjekta er prisjustert med 2,5 prosent.

Utbetalingsperioden for den statlege ferjeavløysingsordninga var på 15 år, og to prosjekt frå denne ordninga har i 2022 fått utbetalt ferjeavløysingsmidlar i 15 år. Dei to prosjekta er Austevollsbrua (Vestland) og Imarsundprosjektet (Møre og Romsdal), og desse er trekte ut av ordninga i 2023.

Det er eitt nytt prosjekt i ferjeavløysingsordninga i 2023, jf. omtale i Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023*. Vegprosjektet Nordøyvegen i Møre og Romsdal opna i august 2022, og har avløyst ferjesambanda Skjeltene–Lepsøya–Haramsøya og Brattvåg–Nordøyane. Kommunal- og distriktsdepartementet har fastsett dei årlege ferjeavløysingsmidlane til 60,575 mill. kroner (i 2019-kroner). Beløpet er i tråd med retningslinjene for ordninga, prisjustert med 2,5 prosent årleg, slik at beløpet i 2023 er på 65,3 mill. kroner.

### **Kolonne 5 – Ikkje-statlege lufthamner**

Tilskot til ikkje-statlege lufthamner blei overført til fylkeskommunane som ein del av regionreforma. I 2020 blei 16,2 mill. kroner overførte til drift av Notodden lufthamn i Vestfold og Telemark fylkeskommune. I 2021 blei 30,6 mill. kroner overførte til drift av Stord lufthamn i Vestland fylkeskommune og Ørland lufthamn i Trøndelag fylkeskommune. 2023-beløpet er justert med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2023.

## **Kolonne 6 – Fiskerihamner**

Fiskerihamneanlegg som staten eig og forvaltar skal overførast til fylkeskommunane, og midlane til statlege fiskerihamner og tilskot til fiskerihamneanlegg skal overførast til rammetilskotet. I 2020 blei 34,3 mill. kroner overførte til rammetilskotet, og fordelte mellom Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold og Telemark og Viken fylkeskommunar. Tilskotet blei fordelt mellom fylkeskommunane på grunnlag av ei vurdering av tidlegare tilskot, ramma i Nasjonal transportplan 2018–2029, vedlikehaldsetterslep og tal på fiskerihamner i kvart fylke.

2023-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2023.

Sjå Prop. 1 S (2022-2023) til Nærings- og fiskeridepartementet for informasjon om status for arbeidet med overføring av ansvaret for fiskerihamner frå fylkeskommunane til staten.

## **Kolonne 7 – Null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar**

For å gje fylkeskommunane større moglegheit til å prioritere låg- og nullutsleppsløysingar for ferjer og hurtigbåtar, blei 100 mill. kroner av veksten i frie inntekter til fylkeskommunane i 2021 fordelte særskilt til båt- og ferjefylka. 2/3 av beløpet blei fordelt etter talet på el-ferjer i 2020, mens 1/3 av beløpet blei fordelt etter ferjekriteriet i kostnadsnøkkelen.

2023-beløpet er justert med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2023.

## **Kolonne 8 – Midlar til distrikts- og regionalpolitikk**

Som ein del av regionreforma desentraliserte dåverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet delar av dei regional- og distriktspolitiske tilskotsmidlane. Mellom anna blei kapittel 550, post 64 *Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn* og kapittel 553, post 60 *Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse* innlemma i rammetilskotet for fylkeskommunane med ei særskild fordeling. Totalt blei 100,1 mill. kroner innlemma i rammetilskotet i 2020.

For å sikre vidareføring av den særeigne geografiske fordelinga av midlane, blei dei to postane innlemma med ei særskild fordeling.

Fordelinga i 2023 er ei vidareføring av den samla fordelingsprofilen til midlane i 2019, oppdatert med ny distriktsindeks.

For den delen av midlane som tidlegare var kapittel 553, post 60 blir fordelingsprofilen frå 2019 vidareført. Ved fordeling av midlane som tidlegare var kapittel 550, post 64 er det tatt utgangspunkt i dei 120 kommunane med dei største distriktsutfordringane, målt ved distriktsindeksen. Fylkeskommunar med kommunar med dei største distriktsutfordringane får det høgste beløpet per innbyggjar.

## **Kolonne 9 – Forvaltning av tilskot på landbruksområdet**

Som ein del av regionreforma fekk fylkeskommunane overført ansvaret for forvaltninga av tilskot til regionale tilretteleggingstiltak og utarbeiding av regionalt næringsprogram for landbruket, frå den dåverande fylkesmannen. Fordelinga mellom fylkeskommunane var basert på ressursbruken på oppgåvene i dei ulike fylkesmannsembeta.

2023-beløpet er justerte med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2023.

## **Kolonne 10 – Tilskotsordninga Jobbsjansen del B**

Som ein del av regionreforma fekk fylkeskommunane overført tilskotsmidlane for ordninga Jobbsjansen del B. Fylkeskommunane har tidlegare hatt moglegheit til å søke om midlar gjennom ordninga. Ordninga skal bidra til at ungdommar med innvandrarbakgrunn som ikkje har opparbeidd seg eit godt nok fagleg grunnlag, til dømes tilstrekkelege norskkunnskapar, skal kunne få føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring.

2023-beløpet er justert med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2023.

## **Kolonne 11 – Tilskot til barnevern, Oslo**

I 2004 overtok staten det ansvaret fylkeskommunane tidlegare hadde for barnevernet. Oslo sitt ansvar for desse oppgåvene blei vidareførte. Tilskot til barnevern for Oslo er gjeve med ei særskild fordeling i tabell C. I 2015 blei det lagt inn midlar til kjøp av plassar frå ideelle sentre for foreldre og born.

2023-beløpet er inkludert tilleggsøyve i saldert budsjett for 2022 og er justert med den anslåtte pris- og kostnadsveksten i kommunesektoren i 2023. Beløpet er vidare oppjustert med den anslåtte veksten i talet på 1–18-åringar i Oslo frå 2022 til 2023.

## **Kolonne 12 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet**

For å lette overgangen til nytt inntektssystem blei det innført ei ny kompensasjonsordning for endringane i inntektssystemet som trådte i kraft i 2020. Fordelinga av kompensasjonen på 335 mill. kroner tek utgangspunkt i dei samla fordelingsverknadene, inkludert avviklinga av den førre kompensasjonen for endringar i inntektssystemet, som blei innført i 2015. Som varsla i Prop. 113 S (2018–2019) Kommuneproposisjonen 2020, er kompensasjonen innretta slik at alle fylkeskommunar blir heva til det same minimumsnivået, målt i kroner per innbyggjar. Differansen mellom fordelingsverknadene og minimumsnivået blir kompensert fullt ut gjennom kompensasjonsordninga. Den nye kompensasjonen sikrar at ingen fylkeskommunar får ein reduksjon i rammetilskotet på meir enn 70 kroner per innbyggjar som følgje av fordelingsverknadene og avviklinga av den førre kompensasjonsordninga.

I 2023 er beløpet vidareført nominelt.

### **Kolonne 13 – Gratis ferjer til samfunn utan vegforbindelse til fastlandet og trafikksvake samband**

Regjeringa foreslår i Prop. 1 S (2022–2023) å innføre gratis ferjer til øyer og andre samfunn utan vegforbindelse til fastlandet frå midten av august 2023. Rammetilskotet til fylkeskommunane blir auka med 112,1 mill. kroner i 2023. Beløpet inkluderer utviding av ordninga med gratis ferje på 53 mill. kroner som ble løyvd i samband med revidert nasjonalbudsjett 2022, i tillegg til utviding av ordninga til øyer mv. frå midten av august 2023. Auken kjem i tillegg til 30 mill. kroner som blei løyvde i saldert budsjett for 2022 og heilårseffekten av desse midlane. Den samla kompensasjonen for å innføre gratis ferje vil med dette utgjere 174,3 mill. kroner i 2023. Midlane er fordelte til dei aktuelle fylkeskommunane basert på tapte inntekter i den einsskilde fylkeskommune ved å innføre tiltaka.

### **Kolonne 14 – Trekk for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter**

I 2023 foreslår Regjeringa eit eittårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 mrd. kroner frå kommunar og fylkeskommunar som har konsesjonskraftinntekter og ligg i områda med dei høgaste prisane (høgprisområda NO 1, NO 2 og NO 5), fordelt med 2,2 mrd. kroner på kommunane og 0,8 mrd. kroner på fylkeskommunane. Sjå Prop. 1 S (2022–2023) for ein nærare omtale av trekket. Uttrekket er foreløpig ikkje fordelt mellom fylkeskommunane, og ligg som eit ufordelt beløp i tabellen.

### **Kolonne 15 – Sum saker med særskild fordeling**

Sum av kolonne 1–14. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.